

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F833	Knut Øyjordet	17.04.20	9/20

UTVISING AV LEDIG DYRKINGSPARSELL I SYNSTLIE – NY BEHANDLING*Saksdokument:*

1. Innkomne søknader.
2. Brev frå fjellstyret av 15.01.20 til kommunen og Statskog.
3. Brev frå fjellstyret av 15.01.20 til søkjarane.
4. Brev frå kommunen av 23.01.20 med vedlegg til fjellstyret (uttale).
5. Brev frå Statskog av 03.02.20 til fjellstyret (uttale).
6. Brev frå Hallstein R. Brenden av 06.02.20 til fjellstyret.
7. Brev frå Eva Vistekleiven av 09.02.20 til fjellstyret.
8. Brev frå Ola Nasset av 09.02.20 til fjellstyret.
9. Brev frå Erik Ødegård av 10.02.20 til fjellstyret.
10. E-post frå Tine v/Mari Heringstad av 20.03.20 til fjellstyret.

Saksutgreiing:

Fjellstyret behandla i fjor ei sak om utvising av ein ledig dyrkingsparsell i Synstlie. Parsellen vart lyst ut i «Informasjon frå landbrukskontoret» og på heimesida til fjellstyret, og det var 17 som søkte. Fjellstyret vedtok å utvise parsellen til Eva Vistekleiven (sak 8/19). Tre av dei andre søkjarane klaga på vedtaket, og fjellstyret behandla difor saka på nytt (sak 17/19). Fjellstyret tok ikkje klagene til følge, og opprettheldt vedtaket om utvising til Eva Vistekleiven. Saka med vedtak og saksdokument vart difor sendt til Landbruksdirektoratet for sluttbehandling (brev av 08.07.19).

Fjellstyret fekk svar frå Landbruksdirektoratet nå på nyåret (brev av 10.01.20). Direktoratet oppheva fjellstyret sitt vedtak og ba om at saka blir behandla på nytt. Årsaka var ein saksbehandlingsfeil, ved at det reint formelt ikkje var innhenta uttale frå kommunen, slik plikten er etter § 20 i seterforskrifta. Av ulike årsaker vart ikkje dette gjort, men det vart innhenta faktaopplysningar frå landbrukskontoret om drift og areal for enkelte av søkjarane. Dette var ikkje tilstrekkeleg nok for å oppfylle kravet i forskrifta. Sidan saka dreier seg om utvising av ein eksisterande parsell vart heller ikkje saka lagt fram for Statskog, noko som direktoratet påpeikar burde vore gjort etter reglane i seterforskrifta. Det var ikkje tilstrekkeleg nok at utskrift av sakene med vedtak vart sendt til Statskog.

Den ledige dyrkingsparsellen, som førre brukaren (Rolv Ivar Bergdølmo) hadde sagt frå seg, er på totalt ca. 64 dekar, der ca. 60 dekar er dyrka. Parsellen vart som nemnd annonsert i «Informasjon frå landbrukskontoret», eit informasjonsblad som landbrukskontoret sender ut til alle gardbrukarar, samt at det vart annonsert på heimesida til fjellstyret, og med søknadsfrist 10. februar 2019. Det vart laga eit søknadsskjema, der ein m.a. skulle skrive bruksform på garden og grunngjeving for behovet for meir dyrkingsareal.

Følgjande har søkt (rekkjefølgje etter dato for innsending av søknad), og med driftsform på garden:

Eva Vistekleiven, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Ole Jakob Holen, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Ole Tronn Anderssen, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Ola Nettet, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Hallstein Ringneset Brenden, kjøtproduksjon (sau)
Per Sveahaugen, kjøtproduksjon (sau)
Erik Ødegård, kjøtproduksjon (storfe)
Cecilie og Jan Selmo, kjøtproduksjon (storfe)
Terje Synslien, grasproduksjon for sal (søkjer på deler av parsellen)
Gina Ragnhild og Aslak Haugen, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Anne Helene Haugen, mjølkproduksjon (geit)
Berit Jeanne Brun, mjølk- og kjøtproduksjon (storfe)
Øyvind Fjellheim, kjøtproduksjon (storfe, garden nå eigd av faren)
Jo Aasheim, kjøtproduksjon (sau)
Ingrid Valdvik, kjøtproduksjon (storfe)
Else Marie og Joar Randen, kjøtproduksjon (storfe)
Odd Magne Oden, kjøtproduksjon (sau)

Søknadene og dei andre saksdokumenta er kopiert opp og lagt ved saka. Alle søkjarane har grunngeve søknaden med at det er behov for meir eigenprodusert fôr. Mange kjøper i dag rundballar og/eller leiger jord, og omfanget av dette har mange av søkjarane skreve om i søknaden. Vedlagt uttala frå kommunen følgjer statistikk for kvar søkjar, m.a. oversikt over fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, samt omfang leigd areal, mjølkekvote og tal på dyr.

I seterforskrifta (§ 20) står det at jordbrukarar med beiterett kan få utvist dyrkingsjord. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog og eventuelt allmeningsstyret for fråsegn. Saka har nå vore til høyring i kommunen og Statskog. Sidan dette gjeld ein eksisterande parsell, så har ikkje saka vore sendt til høyring til allmeningsstyret. Det er tatt munnleg kontakt med almeningsbestyraren, som meiner at dette er ei sak som allmeningsstyret ikkje vil gje uttale på.

Kommunen skriv i si uttale m.a. følgjande:

Ved tildeling av dyrkingsjord må det vurderast behov og om utvisinga av parsellen gir ein driftsmessig god løysing. Behovet kan vere uttrykt i % leigejord i forhold til totalt disponert areal i søknad om produksjonstilskot. Sjølv med stor del leigejord er det ikkje sikkert talet på daa leigd jord er stor. Ein liten sauebesetning treng lite jord i forhold til ein gard med stor mjølk- og kjøtproduksjon. I tillegg er det fleire som kjøper ein del av grovføret sitt. Dette vil variere frå år til år avhengig av avlingsnivået på disponert areal.

Driftmessig god løysing kan vere at driftssenteret ligg i nærleiken av parsellen, eller at ein driv jord/seter i nærområdet. Kort avstand til driftssenteret gir mindre transportkostnadar og billigare grovfôr. Det er gunstig å unngå fôrtransport etter fylkes- og riksvegar, sjølv om det er vanleg i Vågå.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Det er mange gode søkjarar med mykje behov for dyrkajord. Vedlagt ligg eit rekneark som syner detaljopplysningar for dei 17 som har søkt. Det er seks gardbrukarar med omfattande mjølkeproduksjon og høg del leigejord. Mjølkeproduksjon er arealkrevjande. Det er ein sauebrukar (Jo Aasheim) med høg del leigejord, noko som har sin bakgrunn i særers lite eigd areal. Dei seks mjølkeprodusentane har mykje leigd jord, frå 36 til 76 %. Leigedelen inkluderer også innmarksbeite. Ein søkjar har driftssenter som grensar til parsellen (Eva Vistekleiven). Elles er det 8-15 km frå driftssenter til parsellen. Ola Nettet, Berit Jeanne Brun og Ole Jakob Holen driv aktiv seterdrift ved hhv. Strondsetervegen (Nessesetri og Ripstrondsetri) og Randsverksletta (Nylykkjesetri).

Ole Jakob Holen har fått støtte frå Innovasjon Norge til ombygging til lausdrift i mjølkeproduksjon. Han har ein del disponibel areal ved setra si, 122 daa fulldyrka/overflatedyrka jord som han nyttar til mjølkeproduksjon på fellesetra saman med sitt syskenbarn. Holen har ein del leigejord (76 %), som også omfattar ein del leigd beite. Eva Vistekleiven har akkurat søkt Innovasjon Norge om investeringsmidlar for utbygging til lausdrift. Ho driv gard i Synstlie, og vurdert ut frå eit driftsmessig perspektiv, er dette den beste løysinga. Ho har også ein stor del leigejord (42 %). Ola Nettet har planar om å bygge på dagens fjøs med ei viss auke i produksjonen, men har ikkje søkt Innovasjon Norge om investeringsmidlar pr. d.d. Han har sommarmjølkeproduksjon på setra. Setra er på ca. 37 daa fulldyrka og ca. 50 daa beite i almenninga. Han leiger jord fleire plassar i Synstlie. Han har ein stor del leigejord (61 %). Berit Jeanne Brun driv mjølkeproduksjon på Ripstrond, ca. 8 km frå dyrkingsparsellen, og seter på Ripstrondsetra, ca. 6 km frå parsellen. Ho har 25 % leigejord, er den som er nest nærast/nærast parsellen når det gjeld driftssenteret/setra. Haugen og Andersen har ikkje aktiv setring, men har seter med dyrkingsjord i hhv. Sallia og Randsverk.

Det er viktig å få til rasjonelle driftseiningar som gir kort transportavstand. I Vågå er ein vand med lange transportavstandar, men kan ein velje bør ein søkje å få areala så nærme driftssenteret som mogleg. Arealet som ein får utvist i statsallmenninga, kan ein ha så lenge ein nyttar det, dvs. så lenge det ikkje fell i det fri. Dyrkingsparsellen er knyta opp mot gardsbruket søkjar eig. Desse areala er på det viset særers langsiktige og kan reknast om ein del av driftseininga.

Ut frå det som er nemnt og dei opplysingane som ligg ved vedlagte rekneark, vil Vågå kommune gjere følgjande prioritering:

1. Eva Vistekleiven, Sollid gard, gnr. 133, bnr. 1.

Grunngjeving: Driftssenteret ligg i Synstlie, nært aktuell teig. Har leigd jord som grensar inntil teigen. Har stor del leigejord. Driv kombinert mjølk- og kjøtproduksjon og er i ferd med å bygge for lausdrift.

2. Ola Nettet, Neset, gnr. 103, bnr. 3.

Grunngjeving: Har stor del leigejord. Har seter etter Strondsetervegen med aktiv seterdrift, ca. 6 km frå teigen. Leiger jord i Synstlie. Driftssenteret ligg ca. 12 km frå teigen. Førebur driftsbygningen sin på lausdriftskravet.

Statskog skriv i si uttale:

Statskog har ingen innvendinger til innkomne søknader på utvist dyrkingsparsell. Statskog ber om at Vågå fjellstyre vurderer søknadene med bakgrunn i uttale fra landbrukskontoret. Vi vil

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

oppfordre fjellstyret til å se saken i sammenheng med mottatt høringsbrev datert 22.01.2020, vedrørende søknad om kjøp av deler av feste 833.

Det vart sendt eit brev til søkjarane etter at fjellstyret fekk svar frå Landbruksdirektoratet. Formålet med brevet var å orientere søkjarane om bakgrunn for ei ny behandling av saka, samt at dei kunne kome med nye og supplerande opplysningar knytt til søknaden. Dette fordi det var bortimot eitt år sidan saka vart behandla fyrste gongen.

*Hallstein R. Brenden skriv følgjande i brev til fjellstyret av 06.02.20:
Angående ny behandling av søknadsomgangen på Sygardskvea i Synsli, redegjøres også for at auking av antal sau er aktuelt. Antal vinterfora er nå 70. Med ny driftsbygning var det tenkt å utvide til 80, men det kan da også være aktuelt å kunne auke til ca. 100.*

*Eva Vistekleiven skriv følgjande i brev til fjellstyret av 09.02.20:
Viser til tidligere innsendt søknad om å få utvist dyrkingsparsellen i Synsli. Som vi anførte i søknaden grenser arealet i Synsli inntil eigedommen vår og vil derfor passe svært godt til oss. Det vil bli svært rasjonelt og vi slipper å frakte føring og husdyrgjødsel lange veier. Siden sist har vi kommet lengre med planlegging av nytt fjøs. Vi har nå bestemt oss for fjøstype, fått pris på bygg/rørlegging/elektroarbeid m.v. samt skrevet under på avtale om kjøp av mjølkerobot. Søknad om tilskudd er sendt Innovasjon Norge, og vi har bedt om tilbud fra tre banker på finansiering av bygget. Vi har et håp om å få begynt med bygginga i vår/sommer. Vi har søkt Statskog om å få kjøpe den nederste, udyrka delen av dyrkingsparsellen mtp. tomt til det nye fjøset.*

*Ola Nettet skriv følgjande i brev til fjellstyret av 09.02.20:
Ettersom at saka no blir behandla på nytt, ber eg om at opplysningane i innlevert klage, blir lagt ved den opprinnelege søknaden. Nye opplysningar knytt til søknaden:
Er i dialog med fjøssystemer om påbygg. Skal inngå leieavtale av jorda til Jan Visdal, som ligg i Synstlie.
Innlevert klage frå Ola Nettet i brev av 09.05.19 er ein del av saksdokument nr. 8.*

*Erik Ødegård skriv følgjande i brev til fjellstyret av 10.02.20:
Etter søknad om utvisning av dyrkingsparsell i Synstlie, har eg nye opplysningar å komme med. Når jeg sendte søknaden i fjor forpaktet jeg gnr. 73 og bnr. 4 og 8 i Øvre Nordherad. Nå er salget gått i orden, og jeg har fått konsesjon. Så nå er jeg den nye eieren av Byre, og mener at det er en opplysning som bør være med i søknaden.*

*Tine v/Mari Heringstad har nyleg sendt ein e-post til fjellstyret der det står følgjande:
Ønsker å komme med en presisering i forhold til vedlegget jeg har skrevet for Ola Nettet til søknad om dyrkingsparsell. Det er ikke ment som noe forutfordeling fra Tine si side, kun som dokumentasjon på behovet for areal i forbindelse med byggeplaner. Ser i etterkant at jeg har ordlagt meg litt dumt, beklager det.*

Før 2010 var det Statskog som hadde ansvaret for utvisning av dyrkingsjord/parsellar. Etter ei endring i seterforskrifta vart fjellstyra tillagt denne oppgåva. Det er fyrst i seinare år at det har vorte aktuelt for fjellstyret med utvisning av ledige parsellar, m.a. fordi fjellstyret har starta ein prosess med gjennomgang av bruken og statusen til dyrkingsparsellar. Dette kan føre til saker med vedtak om frifall, og vidare prosessar med utvisning til ny brukar. I denne saka vart

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

parsellen ledig fordi tidlegare festar/brukar hadde sagt den frå seg.

Når fjellstyret har fatta vedtak om ny utvising, vil utskrift av saka og med vedtak bli sendt til søkjarane på vanleg måte, og med klageadgang. Når vedtaket er rettskraftig, må den nye brukaren og den førre bli samde om ein sum for overtaking. Det er ikkje fastsett noko retningsliner for dette. Vi er kjent med at det i ei liknande sak tidlegare i Langmorkje vart innhenta takst.

Vurdering:

Fjellstyret har ikkje fastsett retningsliner for tildeling av ledige dyrkingsparsellar, og det står heller ikkje noko om dette i seterforskrifta med merknader ang. utvising av dyrkingsjord. For fjellstyret vil det derfor i tillegg til opplysningar i søknadene og i uttale frå kommunen med faktaopplysningar, måtte bli utvist eit skjønn i vurderinga og det endelege valet av kven som skal overta parsellen.

Det er mange som har behov for meir areal til produksjon av grovfør. Det er slik sett mange «gode» søkjarar, dvs. det er mange som driv med mjølk- og/eller kjøtproduksjon og treng meir før utover det ein får produsert på eige areal. Fjellstyret bør prioritere blant dei som har dyr på garden i utvising av ledig dyrkingsparsell. Omfang av behovet for meir grovfør bør vektleggjast, andel leigejord av fulldyrka areal, og ikkje minst nærleik til gard og/eller seter/dyrkingsparsell som søkjaren har. Kommunen har i si uttale gjort ei prioritering, og blant dei som driv med mjølkeproduksjon (storfe).

Da saka vart behandla i fjor, vedtok fjellstyret å vise ut parsellen til Eva Vistekleiven. Eit sentralt argument for dette og som var framheva i grunngevinga av vedtaket, var at ho og familien driv og bur på garden som grensar inntil parsellen. Dette må vera eit viktig argument også nå i ny behandling av saka. Sjølv om det er andre søkjarar som har prosentvis meir leigejord enn Vistekleiven, så har ho også ein god del leigejord. I tillegg har ho kome langt i planlegging av nytt fjøs, noko som viser at ho vil satse på gardsdrift framover. Som ho skriv i søknaden, ligg areala høgt og avlingsnivået er såleis mindre enn for gardsbruk som har mykje av areala nede i bygda.

Som nemnd ovanfor, bør nærleik til parsellen bli vektlagt i denne saka. Nærleik i dette tilfelle her gjeld sjølve gardsbruket. I Langmorkje ligg dei aller fleste dyrkingsparsellar eit godt stykke frå eksisterande gardsbruk, det er berre i Synstlie ein finn døme på dette. For utvising av ledige dyrkingsparsellar utanom Synstlie framover, vil «nærleik til» gjelde meir setrer og andre parsellar som søkjarane har feste på, samt avstand frå sjølve gardsbruket.

Eva Vistekleiven har elles søkt Statskog om å kunne kjøpe areal til tomt for nytt fjøs. Dette omfattar m.a. ca. 3 dekar i sør-vestre del av parsellen, som ikkje er dyrka og er for bratt til å bli dyrka. Spørsmål om kjøp er ei sak som fjellstyret har fått til uttale. Dersom Statskog går inn for sal, så må det takast omsyn til dette i utvising av parsellen og seinare oppmålingar.

Innstilling til vedtak:

I medhald av § 19 i fjellova og § 20 i Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning, viser fjellstyret den ledige parsellen i Synstlie på festnr. 833 til Eva Vistekleiven. Fjellstyret grunnjev dette med og vektlegg at ho driv den nærmaste garden til parsellen, og har dyrka mark som grensar inntil. Det vil slik sett vera ei driftsmessig god

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

løysing at ho får utvist parsellen. Som mange av dei andre s kjarane har ho for lite eige jordbruksareal til   dekkje f rbehovet, og leiger difor ein del jord og kj per rundballar. Dyrka mark som ho eig, har festeavtale p  og/eller leiger, ligg «h gt» og avlingsniv et er difor mindre her enn for s kjarar med bruk og med mykje av dyrka mark i «bygda». Ho har ogs  for lite beiteareal til mj lkekyrne i n romr det til garden, og har elles kome langt i planar om   byggje nytt fj s. Dessutan har kommunen i si uttale prioritert utvising til Vistekleiven.

Vedtak:

P l Grev, Hans Petter Vaberg og Rita Danielsen Benrud r ysta for f lgjande framlegg til vedtak, og som da fekk fleirtal og vart endeleg vedtak:

I medhald av   19 i fjellova og   20 i Forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenning, viser fjellstyret den ledige parsellen i Synstlie p  festnr. 833 til Ola Nettet. Fjellstyret grunngjev dette med at Ola Nettet har st rst og mest akutt behov for grovf rareal sett i forhold til sin eigen mj lkekvote. Fjellstyret meiner behovet for meire grovf rareal sett i forhold til produksjonen og ressursgrunnlaget p  eigen gard b r vektast tungt. Ola Nettet driv aktiv seterdrift 6 km fr  parsellen. Han har ein stor del leigejord og er i gang med   f rebu driftsbygningen sin p  lausdriftskravet. Vidare meiner fjellstyret at det blir ei driftsmessig god l ysing da Ola Nettet driv ein del leigejord i Synstlie tett p  parsellen.

Steinar H kenstad og Turid Grimsb  Snerle r ysta for innstillinga til vedtak.

Gunn Berit Aasheim var inhabil i saka og deltok ikkje i behandlinga. Varamedlem Rita Danielsen Benrud deltok i behandlinga av saka.

Rett utskrift. G r til:

Ola Nettet
Dei andre s kjarane p  parsellen
V g  kommune
Statskog SF

Kopi til:

Rolv Ivar Bergd lmo

V g mo, 17.04.20

Knut  yjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 V�G�	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no